



Marit Sjøvangen med vesle Emily ombord på STATSRAAD LEHMKUHL i Rosendal i helga.

De er noko magisk og imponerende med seglskipet STATSRAAD LEHMKUHL Straks skuta vert obsevert i innsegling i Skorpegavelen eller langt innom Ljosnes på ut, kjem telefonane om fotografering og skiving. Dette er tips redaksjonen set pris på. Særleg interessant vert det når den staselege seglskuta, bygd i Bremerhaven 1914, helsar sjukepleiaren sin, Marit Sjøvangen, med tut i fløyta ved Korsneset.

Medan STATSRAAD LEHMKUHL låg i Rosendal i helga vart Marit Sjøvangen invitert om bord. Ho hadde med Emily og det vart gjort stor stas på barnebarnet hennar. Marit har vore på mange tokter. Med si utdanning og profesjon har ho ansvaret for helsa til mannskap og medseglarane når ho er om bord. Ho må hantera det meste av helseplager om bord i eit farty. Det mest vanlege problemet er sjøsjuke.

Marit Sjøvangen er registrert inn for to segltokter i sommar. Det er The Tall Ships Races Festival med tur til Esbjerg og retur til Stavanger. Seinare står ein tur til Lerwick på Shetland på programmet.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Marit Sjøvangen